

ÅRSMELDING 2014



1. **Regionrådslederen: - Jeg håper det aldri blir slutt på debattene!**

- Regionrådet opplever i en del saker at medlemmene har ulike syn og vurderinger. Det skulle bare mangle - og vi må aldri legge lokk på diskusjonene! Jeg håper det aldri blir slutt på dem, fordi det er i meningsbrytningene og kompromissene at det ekte demokratiet fungerer, sier en engasjert regionsleder Bengt Fasteraune.

Han trekker fram helsesamarbeidet som et eksempel på områder som skaper debatt.

- Dette er det saksområdet hvor vi samarbeider mest, og hvor det er utfordringer bl.a. til avstander innenfor regionen. Vi må forholde oss til at medlemmene har ulike ståsteder, og vise romslighet i arbeidet med å finne løsninger slik at byrdene blir fordelt fornuftig. Dette betyr for eksempel at den som bruker mest, må betale mest, påpeker Fasteraune.

**Den som bruker mest,
må betale mest**

Kommunereformen

- Har du kommentarer til arbeidet som foregår i kommunene på dette området?

- Politisk er denne debatten spesiell, sier Fasteraune. - Vi har en regjering som trykker på, vi har en aktiv fylkesmann og kommuner som vil bruke denne anledningen for å få til en konstruktiv debatt om tjenester og ressursbruk, selv om noen ønsker å kjøpe seg tid.

- Det avtegner seg et bilde med tre kommuner i regionen - hva mener du om det?

- Personlig synes jeg dette kan være en fornuftig modell, svarer Fasteraune. - Vi må også se på geografi og topografi - kommunene kan lett bli for store geografisk, slik at tjenestene og styringsorganene blir for fjerne for en del av innbyggerne. Vi må ikke få så store kommuner at vi mister smådriftsfordelene, sier Bengt Fasteraune. Han ser på "kravet" om 15 - 20 tusen innbyggere i Norges nye kommuner som et tall som passer for tettbygde strøk, men dårlig for norddalen.



*Regionrådsleder Bengt Fasteraune.
Foto: Knut Berg.*

Fasteraune er også opptatt av at kommunereformen ikke bare dreier seg om sammenslåing:

- Vi må bruke de kommende prosessene til å evaluere tjenestene vi leverer, påpeker han. - Vi må ta vare på noe og være åpne for forandringer. Det vi tror på, skal styre oss - ikke utredninger, rapporter og populistiske utspill. Og la oss bryte opp dogmer - og for all del kvitte oss med begrepet "robuste kommuner"!

**Vi må ikke få så store kommuner at vi
mister smådriftsfordelene**

Fasteraune forstår ikke utspillet om at mye interkommunalt samarbeid fratar politikerne makt: - Her må det snarere være slik at det omfattende samarbeidet gir regionen vår et forsprang og en "flying start" i forhold til kommunereformen, påpeker han.

- Og i den grad ikke all tenkning er på plass rundt reformen, må vi benytte anledningen til å ta definisjonsmakta sjøl! formaner Fasteraune.

Skole og infrastruktur

er to områder regionrådslederen trekker fram som viktige for framtidig satsing.

- Nord-Gudbrandsdal videregående skole med tre skolesteder under felles ledelse har funnet sin form, slår han fast. - Det er viktig at alle tre skolestedene har et treårig tilbud, ellers er ikke dette bærekraftig på sikt. Er vi gode på skole, har vi gode forutsetninger for å få folk til å flytte til regionen. Derfor er det viktig å fylle skolen med tilpasset og dagsaktuelt innhold, sier Fasteraune, som nevner idrettslinjer for "nye" idrettsgrener og desentralisert høgskoleutdanning som aktuelle satsinger. - Tilbud som også kan dra til seg elever fra andre steder i landet, bør prioriteres på hvert skolested, legger han til.

- Ved siden av veiutbygging er breiband det viktigste infrastrukturtiltaket framover. Det er en forutsetning for etablering at vi er like gode som alle andre - derfor må vi hele tida jakte det beste, sier Fasteraune. Han framholder at det må prioriteres offentlige midler til infrastrukturtiltak som kommer flest mulig til gode.

- Og vi har fortsatt utfordringer på vei sier han, og nevner spesielt øst/vest-forbindelsene Dovre-Lesja og Riksvei 15 gjennom Ottadalen.

Reiseliv og kultur

- Alle kommunene har nå sagt at de vil være med i Nasjonalparkriket Reiseliv. Jeg tror dette er et godt skritt i riktig retning, sier Fasteraune. Han har tro på at selskapet sjøl best kan definere utfordringene på strategi og markedsføring, uten detaljstyring utenfra.

Vi er fantastiske på den kulturelle biten

- *Vi har mye å by på i regionen vår?*

- Ja, og derfor er det viktig å markedsføre oss slik at vi får fram alle fordelene og alt vi er gode på, sier Fasteraune.

- Ved siden av nasjonalparker og flott natur har vi vist oss fantastiske på den kulturelle biten. Dette omfatter i høy grad også idretten og de frivillige organisasjonene, og betyr så mye for det daglige, både nærings- og trivselsmessig, og gjør kommunene våre attraktive å bo i og flytte til. Her spiller regionrådet ei rolle, og skal fortsatt gjøre det framover, fastslår han.

- **Viktig med politisk kompetanse**

- *Det er snart valg - hvordan er rekrutteringen til politikerkorpset?*

Vi trenger politikere som kan være motvekt til sentraliseringen

- Her er det viktig ikke bare å finne nok folk, men å bygge opp politisk kompetanse - dyrke politikere som er i stand til å utøve makt og innflytelse, svarer regionrådslederen.

- Vi trenger politikere som kan være motvekt til sentraliseringen, som ikke løper etter rapporter og forordninger. Vi må ta ansvar for å rekruttere og bygge opp folk som vil ta roller, også i den sentrale politikken. Her har jeg stor tro på arbeidet vi gjør ved å la Ungdomsrådet være representert i Regionrådet, avslutter regionrådsleder Bengt Fasteraune.



Bengt Fasteraune orienterer. Foto: Arve Danielsen, Fjuken.

2. Regionsjefen om 2014: - Eit ungdommens år

Regionsjefen har også denne gongen problem med å velja ut få punkt å fokusere på etter å ha lagt bak seg eit nytt aktivt år i sjefsstolen på Regionkontoret. Men han er klår på at ungdomsfokuset var eit gjennomgangstema i 2014.

- Kan du utdjupe dette, Ole Aasaaren?

- For det fyrste fekk Ungdomsrådet i fjor fast representasjon i Regionrådet. Her har vi allereie opplevd friske meningsyttringar frå ungdommens representantar. Reflekterte ungdommar berikar arbeidet i Regionrådet og gjev oss tru på framtida. Ungdommens røst i formelle fora er svært viktig for demokratiet, slår regionsjefen fast.

Han peikar vidare på Ungdomskonferansen for Oppland, som vart arrangert på Otta i november. Tema var gründerskap og begeistring, og dette var den fyrste konferansen i sitt slag.

- Og så er vi svært glade for at alle kommunane i fellesskap har ønskt å ta ungdomsmusikalen vidare. Dette er ei viktig avklåring, og vi står nå framfor store arrangement i 2015 og 2016, seier Aasaaren.

” - Ungdommens røst i formelle fora er svært viktig for demokratiet ”

”Bedriftene i fokus”

Dette næringsprogrammet har slått svært godt an i vår region. I følge Innovasjon Norge (IN) er omfanget av involverte bedrifter i norddalen større enn i midtdalen og Valdres til saman, opplyser regionsjefen.

- IN har funne ei svært god form for møtet mellom verkemiddelapparatet og den enkelte bedrift, og vi har sikre tilbakemeldingar på at dette gjev resultat. Interesse frå bedriftene er ein dokumentasjon på dette, seier Ole Aasaaren, som håpar at programmet vil medverke til at regionen vil score enda betre på framtidige nærings-NM.

Reiseliv og kulturbasert næringsutvikling

- 2014 var eit godt år for reiselivet?

- Vi må vel innrømme at sommarvêret gjorde sitt, men likevel er det godt å sjå alle positive omtalar og oppleve at eine besøksrekorden etter den andre blir

smadra! Vi må ha lov til å vera stolte over ei næring som skapar så mange glade historier, seier Aasaaren. Han viser vidare til regionens bevisste satsing på kulturbasert næringsutvikling.

- Dette er til glede både for tilreisande, innbyggjarar og næringslivet, og må vel kallast ein vinn/vinn-situasjon? spør regionsjefen, og nemner Dansefestivalen som eit døme:

- Dette arrangementet ”garanterer” nærbutikken på Sel, fyller hotella på Høvringen, gjev lag og foreningar viktige inntekter, fyller butikkar og kaféar på Otta og Dombås og gjev tusenvis av fastbuande og tilreisande gode opplevingar. Kan det bli betre? undrar ein oppglødd regionsjef.

” - Vi må ha lov til å vera stolte over ei næring som skapar så mange glade historier ”

Regionsjef Ole Aasaaren.



Breibandutbygginga

- Eg vil også nytte dette høvet til å peike på den kraftfulle satsinga som nå er i gang for å bygge ut breiband i regionen, seier regionsjefen.
- Fylkeskommunen løyvde i 2013 etter søknad frå regionrådet 10 millionar til formålet, og nå opplever vi at desse midlane utløyser eit konstruktivt samarbeid mellom regionrådet og nettselskapa Skjåk Energi KF Nett og AS Eidefoss, som saman vil bygge ut denne viktige infrastrukturen i regionen vår innanfor eit 3-årig prosjekt, seier Aasaaren.

Vertskommuneavtalen om regionalt helsearbeid

vart vedtatt i januar 2015.

- *Kva er endringane her, Aasaaren?*

- Gjennom to evalueringar er avtalen anbefalt vidareført. Avtalen er nå revidert, og samarbeidet er tatt eit steg vidare. Avtalen er fastare i forma når det gjeld finansiering, slik at dei deltakande kommunane enten er med på "full pakke" eller står utanfor avtalen. Avtalen er i det heile gjort strammare og meir forpliktande, seier regionsjefen.

Kommunereformen

- *Korleis vil den komande kommunereformen influere på regionsamarbeidet?*

- Dette er ein reform for primærkommunane. Men spørsmåla knytt til reformen, er likevel absolutt

relevante for regionsamarbeidet, ikkje minst fordi eitt av hovudargumenta for reformen er omfanget av interkommunalt samarbeid, påpeikar regionsjefen.

- Det blir hevda at omfattande interkommunalt samarbeid skapar eit demokratisk underskott som må kompenseras ved samanslåing av kommunar. Denne påstanden treng nok å bli nyansert, men kvar kommune bør i sin pågåande prosess meine noko om kva kommunereformen vil bety for behovet for interkommunalt samarbeid, seier regionsjef Ole Aasaaren.

" - Spørsmåla knytt til reformen, er absolutt relevante for regionsamarbeidet "

Korslag og kokkekamp

- Igjen opplevde vi eit kjempemessig korarrangement, og avslutning på Kokkekamp. Vi treng ungdommar som kan vera kulturberarar for norske mattradisjonar, og dersom Korslaget kan bidra til glede, entusiasme og bulyst, er dette folkehelsearbeid på sitt beste, avsluttar regionsjefen.



3. Endringsledelse og nye kommuner

Av Eli Blakstad, fagdirektør hos Fylkesmannen i Oppland

Regjeringen Solberg varslet i sin tiltredelseserklæring en kommunereform i Norge. Fylkesmannen i Oppland tok derfor opp med kommunene og KS allerede høsten 2013 muligheten for å lage en «Tenketank» i fylket der en kommunereform var tema.

Fylkesmannen i Oppland i samarbeid med KS etablerte i januar 2014 «Tenketanken», med representanter fra fylkeskommunen, alle regionrådslederne, fylkeskommunen, tre fritenkere og tre rådmenn. I Tenketanken har man diskutert hvordan Oppland kan bruke kommunereformen til vekst og utvikling i fylket, også sett i forhold til regjeringens varsel om overføring av flere oppgaver til robuste kommuner. Offentlig sektor representerer viktige kompetansearbeidsplasser i Oppland.

Kommunereformen vil kreve endringsledere for å få gjennomført prosesser, for å avklare og strategisk vurdere aktuelle sammenslåingsalternativer og for å gjennomføre en inkluderende prosess med sammenslåing og etablering av nye kommuner. I vår oppstart med denne reformen har vi vært opptatt av å sette fokus på endringsarbeid og endringsledelse.

Fylkesmannen har gjennom arbeidet i Tenketanken drøftet kommunereformen i et helhetlig perspektiv og har understreket viktigheten av:

- Vilje til reell maktforskyving fra stat til kommune og gjennom desentralisering av statlige oppgaver
- Vilje til desentralisering av direktoratsoppgaver
- Desentralisering av statlige oppgaver og arbeidsplasser til robuste kommuner - som motor for næringsutvikling i næringssvake regioner og lokalsamfunn
- I forbindelse med ny oppgavefordeling bør regjeringens samlede reformarbeid sees i sammenheng (kommunereformen, brannreform, samhandlingsreform, politireform, nasjonal helse- og sykehusplan og mattilsynet).

Fylkesmannen oversendte KMD forslag til endringer i oppgavefordelingen mellom kommune, regional stat og staten i desember 2014. I den sammenheng

ble det pekt på at Lom eller Hjerlenn bør få mulighet til å utvikle et nasjonalt miljø innenfor besøks- og reiselivsutvikling, der både verneinteresser og næringsutvikling ivaretas.

Tenketanken har også vært opptatt av at kommuner i kommunereformen jobber aktivt med å utvikle nye løsninger og metoder. Ved starten av 2015 er vi derfor i gang med å konkretisere en nasjonal pilot for 2015 og 2016 med tema «Kommunereformen som motor for utvikling og innovasjon i kommunene», og to regionale piloter innenfor tilsyn og tidlig innsats overfor barn og barnefamilier.

Ved å jobbe med innovasjon og endringsledelse håper Fylkesmannen at kommunene i Oppland er beredt til å bruke kommunereformen til å finne nye løsninger og metoder i kommunenes tjenesteproduksjon og i samfunnsutviklerrollen, og på en slik måte at eventuelle sammenslåinger av kommuner resulterer i etablering av nye kommuner med nye løsninger.

Eli Blakstad



4. Ungdommens Regionråd *Ei helsing frå leiarane i Rådet*

Året 2014 har vore eit utruleg spesielt år. Eit år der vi har drøfta mykje, jobba hardt og fått resultat i regionen vår. Det har vore mykje politisk engasjement frå innbyggjarane, alt frå underskriftskampanjar, Facebook-aksjonar, fakkeltog og liknande. Dette viser at folk i regionen vår nyter godt av moglegheita dei har til politisk innverknad. Det har vore eit stort engasjement i regionen, spesielt når det gjeld framtida for norsk mat- og kulturarv, skule- og barnehagestruktur, kultur- og idrettstilbod, kommunereform og helsetilbod.

Frå 2014 lyt vi spesielt merke oss ungdomsgenerasjonen og engasjementet den står for. Ungdommen i Nord-Gudbrandsdalen har fått enda større høve til medverknad. Gjennom Ungdommens Regionråd er foreløpig fem kommunar representert, men vi håpar Lom får inn sine medlemmer i løpet av 2015. I Ungdommens Regionråd får vi ta opp saker som har særleg stor interesse. På denne måten kjem vi tett på kva ungdommen bryr seg om i lokalmiljø, kommune og regionen dei bur i. Vi er utruleg glade for at ungdommen får meir plass, sidan vi er den neste generasjonen, og det er vi som kjem til å styre i framtida.

Ungdommens Regionråd arrangerte i november Ungdomskonferansen 2014 på Otta. Vi inviterte ungdom og dei som jobbar med ungdom til samling, der føremålet var å gje eit lite fagleg påfyll, bygge nettverk og inspirere ungdom. Responsen var veldig positiv, og vi kjem nok til å gjenta ein konferanse som dette i dei kommande åra.

I alle kommunar blir det jobba hardt med å halde innbyggjartalet oppe. Vi vil stadig forbetre kommunane vi bur i. Det har vorte gjort store endringar i alle kommunane det siste året. Noko til glede og noko til hugverk for innbyggjarane. For å halde innbyggjartalet oppe har vi BOLYST-prosjektet: 200 ledige hus, god reklame frå Nasjonalparkriket og vakker natur. Likevel ser ikkje innbyggjartala i nokre av kommunane gode ut. Vi må fortsette å jobbe for ein framtidig innbyggjarvekst i regionen vår.

Skule og skuletilbod er noko mange har engasjert seg i. Interesse for dette er utruleg viktig, sidan skule



Ungdommens Regionråd. Foto: Norddalen. Frå v.: Jane-Victoria Bonsaksen, Sebastian Storødegård Knørr, Livia Julia Sauter, Ole Einar Svartbrenna, Kari Rudsar, Mia Kristine Kleiven, Sara Yttre, Ola Haldor Hådi, Ninie Therese R. Nilsen

og god utdanning er grunnleggjande for framtida. I tillegg gjev det ein grunn til å flytte tilbake. Gode skuletilbod og attraktive buområde heng saman i så måte. Vi har eit rikt tilbod med grunnskular, men i år blir tilbodet for vidaregåande skule kraftig redusert sidan Dovre mistar NGVGS avd. Hjerleid og dermed eit treårig tilbod. Ungdommen og Ungdommens Regionråd synest det er trist at vi mistar vidaregåande tilbod.

Sjølv om det sikkert er mykje som kan bli forbetra i regionen vår, må vi også sjå på det vi har, og dra nytte av det. 2014 har vore eit godt år, men nå er 2015 her. I dette året ynskjer Ungdommens Regionråd at ungdom, innbyggjarar og politikarar i Nord-Gudbrandsdalen skal bli høyrte! Dette gjeld lokalt, regionalt og i fylket. Det er vi som veit kva som er best for regionen vår. Vi vil gjerne sette dette som eit mål for 2015 - vi skal bli betre høyrte!

Med ynskje om eit godt år:

Mia Kristine Kleiven

Ola Haldor Hådi

Leiarar i Ungdommens Regionråd i 2014

5. Regionrådets handlingsplan 2014

Satsingsområder

Den årlige handlingsplanen angir hvilke satsingsområder og tiltak som skal prioriteres.

1. Næringsutvikling

Tiltak:

- Sykkelsatsing
- Supplerende 1. linjetjeneste for kommunene
- Sekretariat for BU-ordninga
- Kultur- og naturbasert næringsutvikling
- Næringsprogrammet «Bedriftene i fokus»
- Sekretariat for Nasjonalparkkommunene
- Regionalt program for reiseliv og landbruk
- Kokkekamp 2014

2. Samferdsel

Tiltak:

- Breiband – teknologisk infrastruktur
- Nasjonal Transportplan – prioriterte oppgaver 2014
- Otta Skysstasjon
- Sekretariat for Gudbrandsdal Lufthavn AS

3. Kompetanse

Tiltak:

- Nasjonalparkvert
- Næringutdanning
- Nettbaserte høgskoletilbud

4. Bolyst

Tiltak:

- Attraktivt regionsenter og attraktive kommunesentra
- Idretts- og fysakkordinator
- «Ung i Nasjonalparkriket»
- Felles boligpolitikk i Nord-Gudbrandsdalen
- «200 ledige hus»

5. Regionalt utviklingsarbeid

Tiltak:

- Velferdsteknologi
- Etablering og utvikling av klima- og energilaboratorium ved Nord-Gudbrandsdal vdg skule
- «Enig og tro til Dovre faller» - 200-årsjubileum for Grunnloven.

*Heidal Ysteri deltar i programmet Bedriftene i fokus.
Fra v.: Marie-Lise Krukhaug, Torunn Linneberg
(Innovasjon Norge), Hege Krukhaug og Terje Langholm
(Innovasjon Norge). Foto: Ketil Sandviken, GD.*



6.1. Næringsbistand

Regionrådets administrasjon har også i 2014 hatt engasjement på bedriftsnivå og i bedriftsnettverk. Dette har i første omgang handlet om rådgiving innen finansiering av utviklingsprosjekt og om virkemiddelapparatet generelt. I tillegg har vi bidratt i f. eks. organisasjonsutvikling innen interkommunale tjenester. Videre har næringsutvikler bistått eierkommunene i enkeltsaker på førstelinenivå. Arbeidet har vært gjennomført i forståelse med kommunens førstelinje.

Regionrådet har tatt initiativ til regionalt medlemskap i Ungt Entreprenørskap. UE har gjennomført kurs og samlinger for lærere og andre som kan formidle kunnskap om entreprenørskap og samfunnskunnskap i et næringsperspektiv. Siktemålet er å bygge kunnskap og forståelse av forretningsmessig tenking på et tilpasset nivå. I det hele tatt har entreprenørskap i skolen fått et større fokus i regionen. Fylkesmessa for Ungt Entreprenørskap for 2014 ble gjennomført på Otta med god deltagelse fra hele fylket.

6K Næring

Dette forumet består av næringsmedarbeidere i samarbeidskommunene, regionsjef og næringsutvikler i Regionrådet. Forumet har i meldingsåret hatt fokus på følgende områder:

- Programmet «Bedriften i fokus»
- Ungt Entreprenørskap
- Etablereropplæringen
- Kompetanseheving av næringsmedarbeiderne i kommunen og regionrådet
- Tettere samarbeid med Innovasjon Norge med bl. a. kontordager/infomøter i regionen.

Nasjonalparkriket Reiseliv AS

Regionrådet var fødselshjelper og medstifter av Nasjonalparkriket Reiseliv AS. Selskapets formål er å markedsføre reisemål i Breheimen, Dovrefjell, Jotunheimen, Reinheimen og Rondane, og ellers reisemål i Nord-Gudbrandsdalen. Regionrådet besluttet å tre ut av selskapet i 2014. Dette ble formalisert i årets generalforsamling. Bakgrunnen for dette var i hovedsak at formålet med engasjementet var å samle hele regionen i ett selskap, jfr. regional reiselivsstrategi. Dette er i skrivende stund en realitet. Regionrådet har i handlingsplan for 2015 vedtatt å løyve betydelige midler for å realisere andre områder i den regionale reiselivsstrategien. Regionrådet vil utfordre destinasjonsselskapet på hvilke tiltak som best kan ivareta medlemmenes interesser. Markedstiltak, infrastruktur og produktutvikling er aktuelle tiltaksområder.

Ungt Entreprenørskap

For første gang arrangerte UE Oppland en egen fylkesmesse for ungdomsbedrifter i Oppland. Denne ble lagt til Otta. Tidligere har en arrangert

Innlandsmesse i samarbeid med Hedmark. Nytt av året var også konseptet med messe over to dager, med festmiddag og prisutdelinger på kvelden. Det nye opplegget ble godt mottatt, og festmiddagen ble et høydepunkt i beste Hollywood-stil.

- At vi i år legger fylkesmessa til norddalen er ikke tilfeldig, sier Karin Rønning, daglig leder i Ungt Entreprenørskap Oppland.

- Det spirer i norddalen, og det blir jobba knallbra med forankring av entreprenørskap helt fra grunnskolen. Elevene som får med seg entreprenørskapstrening, får ei unik erfaring som arbeids- og næringsliv i Oppland både ønsker og trenger. Det er disse ungdommene som er morgendagens verdiskapere og som skal sikre utvikling og skape nye arbeidsplasser i fylket vårt i framtida, sier Karin Rønning.

Både regionrådet i Nord-Gudbrandsdalen og Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule har i stor grad bidratt til både planlegging og gjennomføring av fylkesmessa. Et slikt samarbeid med regionen har vært avgjørende for å få til et vellykka arrangement.

6.2 Trolløypa

Sykkeltilbod til innbyggjarar og besøkande

Det er nå i gang eit samarbeid mellom kommunane i Gudbrandsdalen og Oppland Fylkeskommune (OFK) med tanke på å få til ein samanhengande sykkeltrasé frå Hjerkin til Lillehammer.

Opplevingar frå sykkelsetet har dei seinare åra utvikla seg til eit attraktivt reiselivsprodukt, og den såkalla Trolløypa kan utviklast til å bli ein av dei beste traséane, heiter det i eit brev frå OFK. Bakgrunnen for denne påstanden er god tilknytning til offentleg kommunikasjon, tilstøytande nasjonalparker, Lillehammer og Hafjell som internasjonalt kjente destinasjonar, og passe avstand mellom reiselivsbedriftene slik at turen kan starte og slutte der ein ønskjer.

OFK har ambisjon om å tilrettelegge Trolløypa for sykkel som eit nytt attraktivt reiselivsprodukt, spesielt med tanke på å styrke sommarsesongen, og inviterer ordførarane til å vera med på denne utviklinga. Den 2. desember ba OFK og regionråda i midt- og norddalen inn til diskusjonsmøte, der m.a. alternative ruter gjennom fjellheimen stod på programmet.

Særleg i Sel er dette aktuelt, fordi den naturlege ruta forbi Peer Gynt-hytta og Smuksjøseter vil gå gjennom reinens rike og innanfor nasjonalparken. Alternativ rute på utsida av Formokampen vil bli kostbar, fordi det må opparbeidast heilt ny trasé i ulendt terreng. Dei to alternativa skal nå igjennom ein konsekvensanalyse.

- Dette må vi få til! Eg er optimist, seier Liv Bjerke, rådgjevar for reiseliv i OFK.


I Dovre vil siste parsellen av sykkelvegen over Dovrefjell koma på plass til sommaren, og dette vil vera den perfekte starten for å kunne sykle i fjellet langs heile Gudbrandsdalen, seier Liv Bjerke.

Leiar i Nasjonalparkstyret Bengt Fasteraune er også positiv til tiltaket:

- Det blir ei vurdering av samla belastning om ein skal nytte eksisterande traséar eller opparbeide nye, seier han til avisa GD.

Han ser for seg fylkeskommunen som prosjekteigar, og at prosjektet endar i ein reguleringsplan som må behandlast i kvar enkelt kommune.

- Når det gjeld finansiering, må det nok finnast øyremerka kroner utanom dei vanlege kommunale systema, seier Fasteraune.



*Mogleg traséval for Trolløypa
- ein samanhengande sykkel-
trasé frå Hjerkin til lillehammer.
Kart: Jacilla AS / skisport.no*

6.3. Landbruk

Primærnæringsutvalg og BU-styre 2014

- Trond Ellingsbø, Bondelaget - leder
- Odd Gråberg, Bonde- og småbrukarlaget
- Torun Heringstad, skogleierlaga
- Hanne Velure, Regionrådet
- Ragnhild Næprud, Regionrådet
- Bente Aamodt, Regionrådet

Siste år med regional BU-forvaltning

I samband med jordbruksoppgjøret 2014 vedtok Stortinget at regional forvaltning av BU-midlene i Nord-Gudbrandsdalen og Valdres skulle avsluttes ved årsskiftet 2014 – 2015, og at Innovasjon Norge skulle overta ansvaret for hele Oppland. Dette er på linje med det som er praksis i andre fylker. 2014 ble dermed siste år med desentralisert forvaltning og styring. Dette startet som forsøksordning i 2004 og ble godkjent som en permanent forvaltningsmodell fra 2012.

Søkermassen i 2014, og køen av søkere ved årsskiftet, viser at investeringsbehovet og satsingsviljen fortsatt er stor innen jordbruket. Restaurering/påbygg/nybygg for utvida mjølkeproduksjon og sauedrift tok hoveddelen av fjorårets kvote, som var på til sammen 9,7 mill. BU-styret hadde som mål at 30 % av kvota skulle gå til «tilleggsnæringer» - næringstiltak knytta til garden, f.eks gardsturisme og småskala matproduksjon. En nådde ikke målet fullt ut, men innvilga ca 2,3 mill til slike attåtsatsinger. Å styrke reiselivet

og produksjonen av lokalmat er en overordna målsetting i regionen, og BU-bevilgningene har altså fulgt opp dette med å gi støtte til mange interessante tiltak.

Rovvilt

Det var i 2014 en markert nedgang i rovvilt-erstatningene i Oppland. En viktig årsak til dette var uttak av både jerv, bjørn og ulv i forkant av beitesesongen, samt at en del beitelag som har hatt store utfordringer i forhold til jerv, sanket sauen tidligere enn normalt. I Nord-Gudbrandsdalen har det også vært en nedgang i tapstallene i Lesja, Dovre og Vågå i 2014 i forhold til 2013. I Sel er tapsprosenten lik med den fra 2013. Men i Skjåk og Lom slo jerven til for fullt, og for svært mange saueeierne her har beitesesongen 2014 vært en av de verste med tanke på rovviltskader.

Skogbruk

Det har vært en nedgang i den totale avvirkningen, fra 46 562 m3 i 2013 til 37 652 m3 i 2014. Størst nedgang har det vært på sagtømmer og massevirke av furu, mens det har vært en økning på sagtømmer av gran. Noe av årsaken til nedgangen er nok prisutviklingen, og at Otta Sag la ned saglinja for furu. Det betyr større fraktkostnader for furutømmer. Mjøsen Skog har likevel klart å finne avsetningsmuligheter for furutømmeret. Avsetningssituasjonen for massevirke har bedret seg i og med at tømmerterminalen på Kvam ble etablert.

Såing på Selsvollane: Foto Cecilie Asp



6.4. Kultur- og naturbasert næringsutvikling

I 2014 bevilget Partnerskapsstyret 700 000 kr øremerket «kultur- og naturbasert næringsutvikling». De seks kommunene prioriterte 1 - 2 tiltak hver, og fordelinga ble slik:

Skjåk:

- Markering av 100-årsdagen til dikteren Jan Magnus Bruheim - 40 000 kr
- «Hausttakk» - handels- og kulturarrangement i Bismo - 25. 000 kr

Lom:

- Galdhøpiggenet - 40 000 kr
- «Diktardagar i Lom» - 50 000 kr

Vågå:

- Galleri Krogvold – planlegging av et galleri for Morten Krogvolds fotokunst i Ullinsvin - 40 000 kr
- Kultur- og naturstig i naturområdet Vole -Blåhø - 40 000 kr

Sel:

- Dansefestivalen på Sel – Norges største i sitt slag – 80 000 kr
- «Spelet om Kristin Lavransdatter», årvisst uteforestilling på Jørundgard, - 40 000 kr

Dovre:

- Utviklingstiltak ved Bygningshistorisk Park - 60 000 kr
- Arrangementet «Pilegrimsdager på Dovrefjell» - 40 000 kr

Lesja

- Prosjektet «Utvikling av lokale produkt frå eige råstoff» - Lesja/Dovre Biff-forum - 30 000 kr

Etter fordelinga til kommune gjensto restmidler som ble fordelt mellom tre søkere:

- Nasjonalparkriket Reiseliv AS fikk 50 000 kr til FjellFilmfestivalen ved Gjende.
- Lesja-Dovre Danseteam fikk 20 000 kr til kurs/workshops.
- Film om Pilegrimsleden Oslo – Trondheim fikk 20 000.- kr etter søknad fra Pilegrimssenter Dale-Gudbrands Gard.

*Fjellfilmfestivalen ved Gjende ble en suksess.
Foto: Marte Stensland Jørgensen.*



6.5 *Bedriftene i fokus*

Bedriftene i førersetet for ny satsing

Næringsprogrammet i Oppland ble igangsatt i januar 2014. Responsen på næringsprogrammet er god. Det er så langt etablert dialog med 24 bedrifter fra ulike bransjer i Nord-Gudbrandsdalen.

Nord-Gudbrandsdalen har som Oppland ellers et rikt tilfang av mindre og mellomstore bedrifter, som deler en ambisjon om å holde tritt med konkurransen og bedre lønnsomheten sin gjennom utvikling og vekst. De har bestemt seg for at de fortsatt skal være i markedet om 10 år. For å bakke opp disse bedriftene har Oppland fylkeskommune, etter initiativ fra bl.a. Regionrådet Nord-Gudbrandsdal, igangsatt et nytt vekstprogram kalt "Bedriftene i fokus».

Skiller seg ut fra annen satsing

Målet med næringsprogrammet er å bidra til å opprettholde, utvikle og styrke eksisterende bedrifter.

- Vi vil støtte opp om bedrifter som tenker kompetanseutvikling og nettverk, fordi vi vet at det virker. Vi vil styrke og utvikle de bedriftene vi har, slik at de fortsatt er på banen om 10 år. Flere fylkeskommuner kutter i midlene til Innovasjon Norge på grunn av trange rammer fra regjeringa. Oppland fylkeskommune gjør det motsatte. Vi vil at enda flere av våre bedrifter skal få tilbud om kompetanseutvikling og motivasjon til å samarbeide i nettverk, sier fylkesordfører Gro Lundby .

Jobber tett opp mot bedriftene

Næringsprogrammet retter seg primært mot eksisterende mindre og mellomstore bedrifter, der Valdres, Midt- og Nord-Gudbrandsdalen er prioriterte regioner i startfasen.

- Næringsprogrammet setter bedriftenes behov på agendaen. Satsingen skiller seg fra tidligere arbeid ved at den inkluderer flere bedrifter enn de som normalt fanges opp gjennom Innovasjon Norges virkeområde og målgrupper. Vi jobber proaktivt og oppsøkende og møter virksomhetene på hjemmebane, sier prosjektleder hos Innovasjon Norge, Anne-Mette Iversen.

Innovasjon Norge har ansatt to prosessledere som jobber sammen med bedriftene.

- Vi jobber tett sammen med bedriftene i arbeidsmøter for å få fram alternativer og utviklingsmuligheter. Sammen kartlegger vi bedriftens styrker, svakheter, muligheter og utfordringer. I prosessen avdekkes ulike tiltak som kan gi bedre lønnsomhet i virksomheten og som kan generere vekst på sikt. Slike tiltak kan være intern strukturering, tilgang til ny kompetanse eller samarbeid gjennom nettverk, forskning og utvikling (FoU), design- eller merkevareprosesser og /eller finansiering. Uansett er det bedriftene selv som definerer målene og som tar de endelige veivalgene, sier Terje Langholm og Torunn Linneberg i Innovasjon Norge.

Arbeidsprosess i b

**Rekruttering
av bedrifter**



Analyse



Dagens situasjon

Fremtidig situasjon

Forretningsmodelleringsprosess

Status og resultater så langt

24 bedrifter har hatt innledende møter for å avdekke behov i tidlig fase. Det har vært avviklet 13 arbeidsmøter med bedrifter. 11 bedrifter deltar så langt i næringsprogrammet, flere er i prosess for deltakelse. 5 bedrifter innen varehandel i distriktet har deltatt i kartleggingsmøter for å avklare behov og mulig agenda for kompetansetreff for denne bransjen. Ulike møtepunkter med det regionale næringsapparatet og kompetanse- og FoU-leverandører er etablert for å sikre samhandling, og etterhvert teste ut nye arbeidsmetoder.

Hva får bedriftene som er med i programmet?


- Nyttige verktøy for å identifisere muligheter i egen bedrift og i markedet
- En erfaren sparringspartner å drøfte strategiske veivalg med
- Bidrag til påfyll eller utvikling av kompetanse ved behov

I prosjektgruppa er de tre regionene representert slik:

- Ole Aasaaren, Nord-Gudbrandsdal
- Per Morset, Midt-Gudbrandsdal
- Kjell Melbybråten, Valdres

FAKTA

- Næringsprogrammet i Oppland er for eksisterende bedrifter med vilje til vekst
- Programmet retter seg primært mot mindre og mellomstore bedrifter
- Satsingen skiller seg fra tidligere arbeid ved at et økt antall bedrifter får tilført kompetanse i å drive forretningsutvikling og innovasjon over en 3-årsperiode
- Programmet ble igangsatt i januar 2014 og skal vare i 3 år
- Gjennomføringen skjer i samarbeid med det regionale næringsapparatet
- Deltakelse i næringsprogrammet er vederlagsfritt, men bedrifter som deltar må investere egen tid og ressurser
- Det er et løpende opptak av relevante bedrifter



Arbeidsprosess i bedriftene. III.: Innovasjon Norge

6.6. Sekretariatet for nasjonalparkkommunane

Rådet for nasjonalparkkommuner (RFN) består av 32 medlemskommunar, som etter søknad har fått tildelt status som nasjonalparkkommune. Slik status blir tildelt av Miljødirektoratet. Sekretariatet er lagt til Regionkontoret Nord-Gudbrandsdal, med Bjørg Aaseng Vole som sekretariatsleiar.

Sekretariatet har i 2014 arbeidd mest med desse sakene:

Strategiarbeid

Strategidokumentet vart vedtatt på årsmøtet på Rica Hell i februar 2013. Dette er utsendt til behandling i alle kommunane. Strategidokumentet må implementerast lokalt i kommunane for å få effekt.

Vertskap

Dette var eit hovudtema på årskonferansen 2013. Vi har eit kursopplegg som er utarbeidd i samarbeid med Innovasjon Norge. Kursopplegget er til disposisjon for alle kommunar, og vi har hittil gjennomført 7 slike kurs. Vår visjon handlar om vertskap – derfor er dette eit prioritert tiltak som kommunane skal arbeide med.

Skilting

Skilting handlar om to ting; skilt som fortel at du er i ein nasjonalparkkommune, og skilt som viser til nasjonalparken. Det er det enkelte nasjonalparkstyre som bestemmer kvar og korleis dei vil skilte til sine

nasjonalparker. Dette må skje i kommunikasjon med Statens Vegvesen som har skiltmalar og reglar for bruken.

Skilt til nasjonalparkkommunane finst det ingen skiltmal for, og Statens vegvesen seier nei til dette fordi dei ser på det som reklameskilt. Samferdseldepartementet er involvert, og saka er ikkje avslutta.

Merkevare- og kommunikasjonsstrategi

Klima- og miljødepartementet har gjeve Miljødirektoratet i oppdrag å utarbeide ein nasjonal kommunikasjons- og merkevarestrategi. Snøhetta Design er engasjert til oppdraget, og RFN har deltatt i prosessen. Dette arbeidet er i slutfasen, og er venta avslutta våren 2015.

På Plakaten

På Plakaten er eit infoskriv som har blitt sendt ut ca 4 gonger årleg. Hensikten er å formidle informasjon av felles interesse, og vise til gode eksempel til inspirasjon for kvarandre.

Bøverbreen, ein del av Smørstabbreen på Sognefjellet i Jotunheimen nasjonalpark. Bak ser du Hurrungane, og bak til venstre Fanaråken. Foto: Naturopplevingar.

Følgjande kriteria gjeld for å kunne bli nasjonalparkkommune:

- Minimum 30 prosent av kommunens areal eller minst 300 km² er verna som nasjonalpark, eller det er heile nasjonalparker innan kommunen
- Kommunen har nasjonalparkareal og deltar i eit interkommunalt samarbeid som gjeld nasjonalparkinformasjon/tilrettelegging/reiseliv med andre kommunar med nasjonalparkareal, eller kommunen har eit autorisert nasjonalparksenter.

Ny organisasjon


Etter årsmøtet i 2014 har styre og sekretariat jobba med å finne modell for samordning av nasjonalparklandsbyar og nasjonalparkkommunar. På ekstraordinært årsmøte i oktober vart det vedtatt å etablere ny felles organisasjon frå 2015; Norges nasjonalparkkommuner og nasjonalparklandsbyer. Dette blir slutført første halvdel av 2015.

Medlemskommunane:

Beiarn, Dovre, Engerdal, Folldal, Gausdal, Grane, Hol, Lesja, Lierne, Lom, Luster, Midtre Gauldal, Målselv, Norddal, Nore og Uvdal, Nordreisa, Odda, Rana, Rauma, Røyrvik, Saltdal, Sel, Snåsa, Skjåk, Sunndal, Sørfold, Tinn, Vadsø, Vardø, Vevelstad, Vinje, Vågå



Frå Snøhetta



Rådet for RFN er samansett slik, valt i april 2014:

- Bengt Fasteraune, Dovre (leiar)
- Eli Hovd Prestegården, Nore og Uvdal (nestleiar)
- Tony Kjøl, Hol
- Elisabeth Wesenlund Hauge, Odda
- Lidvart Jakobsen, Nordreisa

Varamedlemmer

- Tor Helge Flåto, Tinn
- Monica Sande, Beiarn

7. Samferdsel

Regionrådets samferdselsutvalg består av tre politikere valgt av regionrådet, og tre fagrepresentanter utnevnt av Arbeidsutvalget. Utvalget er rådgivende fagorgan for regionrådet.

Medlemmer av Samferdselsutvalget:

- **Dag Erik Pryhn, leder**
- **Steinar Tronhus**
- **Iselin Jonassen**
- **Bjørn Romsås**
- **Geir Inge KIRSTEVEN**
- **Ola Ulfsby Bottheim**
- **Sekretær: Frode Damstuen**

Viktige saker i meldingsåret har vært NTP 2018-2027, der det ble gjennomført møter med nabofylkene Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane om felles innspill til NTP-revisjonen. Videre har omklassifisering av fylkesveger vært tema. Utvalgsleder og sekretær i Samferdselsutvalget har deltatt på Vegdirektoratets innspillkonferanser vedrørende Øst/Vest-utredningen. Utredningen er i skrivende stund ute på høring.

Den 23. april ble det gjennomført et dialogmøte, der fylkeskommunen, Jernbaneverket, Statens vegvesen

og AVINOR deltok med informative innlegg. Dette inngikk som grunnlagsarbeid for regionens arbeid med NTP.

Samferdselsutvalget ser at disse saksområdene må få høy prioritet framover:

- arbeide for en sammenhengende utbygging av E6 Ringeby - Otta, dvs rask oppstart av etappe 2 Sjøa - Otta når etappe 1 Frya - Sjøa åpnes høsten 2016
- legge til rette veinettet for tyngre/lengre tømmertransporter

Gudbrandsdal Lufthavn AS

Regionkontoret har sekretariatet for selskapet.

Selskapet har slik formålsparagraf:

Selskapet skal arbeide for utvikling og styrking av luftfarts- og jernbanetilbudet til og fra Nord-Gudbrandsdalen.

Selskapets styre består av:

- Erland A. Løkken, styreleder
- Olav Melhus
- Harald Brimi
- Kjell Madsen
- Ole Aasaaren
- Frode Damstuen, sekretær.

E6-utbyggingen har nå kommet til Sjøa. Foto: Statens Vegvesen.



7.1. Breibandutbygging i Nord-Gudbrandsdalen

Hausten 2013 løyvde Oppland fylkeskommune 10 millionar kroner til utbygging av breiband i Nord-Gudbrandsdalen etter søknad frå regionrådet.

Etter ein konstruktiv dialog med Nettselskapa A/S Eidefoss og Skjåk Energi KF Nett fekk selskapa i regionrådet sitt møte den 21.02 innvilga ein søknad om støtte på 10 millionar til bygging av fiber til heimen (FTH) og stamfiber. Nettselskapa samarbeider med Eidsiva Bredbånd AS (EB) som er leverandør av tenester/signal på deira fiber.

Nettselskapa signaliserte at dei ville meir enn doble kapasiteten på bygging av fibernett. Dette var ei offensiv haldning som regionrådet sette pris på. Planen er i første omgang å bygge fiber til heimen

der det er tettbygd busetnad. Det er også behov for utbygging av fiber over lengre strekningar, såkalla stamfiber. Utbygginga vil gå over perioden 2014 – 2016.

Total investering på fiber til heimen og stamfiber er kalkulert til over 50 millionar over ein treårs periode. Eit offentlig tilskott på 10 millionar utløyser på denne måten ei stor investering i ein svært viktig infrastruktur i regionen.

Nettselskapa har og uttrykt ein ambisjon om at dei vil halde fram med fiberutbygginga ein del år framover, og at dei vil bygge ut i grendene etter at kommunesentra er utbygde.

Planlagt utbygging for Fiber til heimen i følge søknaden:			Planlagt utbygging av Stamnett i følge søknaden:	
Stad	FTH-felt	År	Stamnett	
Sel	Hjellum	2014	Sandbumoen - Otta	
Sel	Ottbragden	2014	Ilka - Vågåmo	
Vågå	Nermo'ein	2014	Lom - Tessanden	
Vågå	Utstillingsplassen	2014	Fluguhaugen - Randsverk	
Sel	Bjølstadmo	2015	Framruste - Langvatnet	
Vågå	Lalm	2015	Lom - Odda, Bøverdalen	
Vågå	Sjårdalen	2015	Odda - Bøverkinnhalsen, Bøverdalen	
Dovre	Hjerleid / Sletten	2016	Lesja Sentrum - Bjorli	
Dovre	Nord for sentrum langs E6 Dombås	2016	Randsverk - Besstrond	
Lesja	Lesja sentrum	2015	Besstrond - Gjendesheim	
Lom	Prestgardskogen +++	2015	Rosten - Haukeli / Høvringen	
Sel	Otta Sentrum	2016	Haukeli / Høvringen - Putten	
Sel	Sandbumoen	2016		

Nedgraving av fibernett for breiband.
Foto: Eidefoss.



8.1. Kokkekamp

Alle fotos: Cecilie Asp.

”Kokkekamp” er eit pedagogisk opplegg for alle 9. klassane i regionen.

Gjennom skuleåret var kokkekamp sett på dagsorden i Mat- og helsefaget, både gjennom oppgåvetrening og ved å lære om lokalprodusert mat. 28. mai vart alle 9.-klassane samla i Vågåhallen, der mat og aktivitet stod i fokus. Finalelaga konkurrerte om å bli best – og 9. klasse frå Skjåk vann 1. premien.

Kokkekamp er eit samarbeid mellom Gudbrandsdalsmat, Opplæringskontoret Brimi-Kjøken og Regionrådet Nord-Gudbrandsdal. Kokkekamp blir vidareført i 2015.

KOKKEKAMP skal

- auke kunnskapen om lokalprodusert mat
- auke rekruttering til kokkeyrket
- sette fokus på faget Mat og helse
- auke bevisstheita om lokalt landbruk og reiseliv hos elevane
- stimulere til entreprenørskap





Juryen i "Kokkekamp" var frå v.: Ann-Cathrin Storhaug von Rappe, Arne Brimi og Ruth Hege Øien Mæhlum. Foto: Cecilie Asp.



8.2. Karriere Oppland Nord-Gudbrandsdal

Karriere Oppland Nord-Gudbrandsdal er ett av seks karrieresentre i Oppland.

Karrieresentrene er fylkeskommunens satsing på opplæring og karriereveiledning for voksne, og er

et partnerskap mellom Oppland Fylkeskommune, kommunene i regionen og NAV. Karrieresentrene er en del av Fagenhet videregående opplæring i Oppland Fylkeskommune, og er dermed underlagt fylkesopplæringssjefen.

6 funksjoner:

- *Karriere- og studieveiledning*
- *Videregående opplæring for voksne*
- *Koordinering, utvikling og styrking av utdannings- og yrkesveiledning i grunnopplæringen*
- *Tilrettelegging for fagskole/høgere utdanning*
- *Nettverksutvikling og registrering av kompetansebehov*
- *Motivasjon og rekruttering*

Fakta om senteret:

- *4 årsverk – 5 personer +20% fra NAV, disse er: Svanhild K. Vatn, Jan Roger Bøe Øien, Bård Atle Fuglum, Grete Lilleseter og Marlaug Elda Dokken.*
- *Ole Aasaaren er leder av Regionalt kompetanseforum, som har følgende medlemmer:*
 - rektor, Kristin Undseth
 - rep. fra kommunene, Unnvald Bakke
 - NGNF Trygve Groven
 - Anne Larsen, Karriere Oppland
 - Arne Christian Mæhlum, NAV
 - Svanhild Krukhaug Vatn, Karriere Oppland Nord-Gudbrandsdal

